

# Fløytelåt

Selja står saftgrøn og sevjemjuk,  
kvistfri og ferdig til fløytebruk  
for hage smågutehender.

Tonen kjem smygande, mjuk og var,  
aukar i kraft og fær døyvde svar  
langt borte frå andre grender.

Solgylt og djup med ein eim av vår,  
slørd som i lengt og vemodig sår  
han skiftande stig og bårar.

Gåta om livet ligg løynd der i  
jordbundne krefter som gjer seg fri,  
løyst ut gjennom tusen vårar.

Småfuglen tagnar i skogen då,  
undrande sit han og lyder på  
og gløymer seg lange stunder.

Barnet som stabbar i garden lær,  
undrar seg på kva vel dette er  
for spelande, blankt vedunder.

Frostvar på tun står ein gamal mann,  
minnest den gongen då ogso han  
sprang berrføtt i fjell og finne.

Tonane leikar i hugen hans,  
augo står fjerne med dimslørd glans  
mot barndommens bleike minne.